

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLODato: 15.05.2018
Vår ref.: 2017/3307-9
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Søknad om midlar til transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

Me syner til brevet dykkar av 19. april 2018 med invitasjon til å søka om omframme midlar til transportordninga for funksjonshemma frå 1. juli 2018. Me søkjer med dette om midlar til utvida TT-ordning, innretta mot tunge brukarar; blinde/sterkt svaksynte, rullestolbrukarar med elektrisk rullestol og som treng spesialbil og brukarar med manuell rullestol.

Brevet frå departementet med invitasjon til å søkja om midlar til utvida TT-ordning vart sendt til dei fylkeskommunale råda, Norges Blindforbund, FFO og SAFO Sørvest der me ba om synspunkt på korleis me skal innretta søknaden. Brukarorganisasjonane er samde om at det vert søkt om ekstra midlar til begge dei to tunge brukargruppene, - blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar. I innspela vert det peika på at det er trong for auka midlar til dei aktuelle brukargruppene, og ein støttar opp om at ein kan leggja til grunn føresetnadane i den søknaden som vart sendt i 2017. Frå 1. januar 2020 er Hordaland og Sogn og Fjordane samla i ein fylkeskommune. I 2017 fekk Sogn og Fjordane tildelt ekstra midlar frå departementet, og det er ei klår forventning både i fylkeskommunen og mellom brukarorganisasjonane at seinast frå 01.01.2020 må også Hordaland-delen av den nye fylkeskommunen ha same nivå på løyvinga til dei tunge brukarane som Sogn og Fjordane har i dag.

Det er og peika på at det vil koma fleire kommunesamanslåingar i Hordaland frå 01.01.2020. Dette vil gje større kommunar og mange brukarar vil få lengre avstand til kommunale tenester. Dette tilseier at brukarkvotane bør aukast.

Angående kriterier for bruk av dei statlege ekstramidlane:

- Det går fram i brevet frå Samferdselsdepartementet at denne forsøksordninga er meint for brukarar med tunge funksjonshemmingar. Me vil inkludera alle tunge brukarar i søknaden. Me ser at alle aktive brukarar i desse gruppene har høg utnytting av den tildelte fylkeskommunale brukarkvoten. Det tilseier at det er trong for meir midlar. Ved utvida økonomisk kvote til dei tunge brukargruppene kan desse halda seg aktive og delta i samfunnet i enno større grad enn i dag. TT-brukarar i denne gruppa har som regel ein varig funksjonsnedsetting.
- Brukarorganisasjonane og fylkeskommunen er samde om at det er trong for vesentleg meir midlar til transport for desse gruppene enn det fylkeskommunen kan tilby. Ein kvote som vil gje 200 turar per år bør vera eit tilbod i heile landet.
- Me stadfestar at eventuelt tildelte midlar vil kome i tillegg til Hordaland fylkeskommune sine egne midlar til TT-ordninga. Hordaland fylkeskommune tildeler kronebeløp til TT-brukarane. TT-brukarar

med kvote for elektrisk rullestol har ein årskvote på kr. 9.500,- og blinde/sterkt svaksynte/manuell rullestol kr. 7.500,- pr. år.

- Ved tildeling av ekstra midlar vil vårt eige regelverk for TT-ordninga verte lagt til grunn. Det fylgjer av retningslinjene at for kvar tur må TT-brukaren betale ein eigenandel på minst 15 % av turprisen. Det resterande vert betalt med TT-kvoten.
- Samferdselsavdelinga er innforstått med at ein etter kvart kalenderår skal rapportera på bruken av midlane og om rekneskap og nøkkeltal for ordninga, herunder antal brukarar i dei utvalde brukargruppene, antal turar totalt og i gjennomsnitt.
- Hordaland fylkeskommune har påfylling av halvårskvote 1. juli. Dersom me får melding om eventuelt tildeling av ekstra kvote i rimeleg tid før denne datoen, så kan det vera mogeleg å tildela utvida kvote til TT-brukarane i løpet av sommaren.

Kort orientering om dagens TT-ordning i Hordaland fylkeskommune:

TT-ordninga har omlag 13.300 godkjente brukarar, av desse er 7.300 busett i Bergen kommune og 6.000 er busette i kommunane i fylket elles.

I 2017 nytta fylkeskommunen 34,5 millionar kroner til transportordninga. I tillegg betalar TT-brukarane ein eigenandel på 15 %.

Ved søknad om å bli godkjent som brukar av transportordninga fattar fylkesdirektør samferdsel vedtak på grunnlag av ei tilråding frå den fylkeskommunale legenemnda. Eit eventuelt avslag på søknaden kan påklagast til den fylkeskommunale klagenemnda.

Alle godkjente TT-brukarar får tildelt eit elektronisk TT-kort som dei nyttar i drosjen. Det vert tildelt ein fast sum på TT-kortet med påfylling to gonger pr. år. TT-brukarane kan til ei kvar tid sjekke saldoen på TT-kortet, både på kontofontenesta og på heimesidene våre.

Om søknaden

I Hordaland fylkeskommune er det **2683** TT-brukarar som er omfatta av søknaden.

TT-brukarar i Hordaland vert tildelt ein fast kvote på TT-kortet, ikkje eit fast antal turar. For å gjera om antal turar til kvotebeløp, har vi gjort uttrekk frå eit representativt utval på 3 % av brukarane for å få oversikt over gjennomsnittleg turkostnad.

Etter fråtrekk av eigenandel er gjennomsnittleg turkostnad for brukarane:

Blind/sterkt svaksynt	kr 234
Manuell rullestol	kr 239
Elektrisk rullestol	kr 396

Den vekta gjennomsnittskostanden per tur ekskl eigendel er **kr 297**.

Utnytting

Utnyttingsgraden av TT-kvotane varierer, men tunge brukarar har større utnytting enn gjennomsnittet av TT-brukarar i fylket. I det brukararutvalet som det er henta data frå, er utnyttingsgraden mellom 75 og 93%. Brukarar med elektrisk rullestol har høgast utnytting.

Ein del brukarar har dårleg utnytting av kvoten, dette gjeld og tunge brukarar. Ved tildeling av ekstra kvote, legg me opp til at utnyttingsgraden av denne vert 70 %. Fylkeskommunen finn ikkje å kunna ta ein

budsjettrisiko utover dette. Dersom tildelte statlege midlar ikkje vert nytta i 2018 kan dei setjast av ved årsskifte og inngå i drifta for 2019.

Søknadssum

Ved utrekning av søknadssum har me lagt til grunn fylgjande føresetnader:

- Tal brukarar: 2.683
- Gjennomsnittleg turpris: kr 297
- Tal turar: 200
- Gjennomsnittleg fylkeskommunal kvote: kr 8.260

Årleg sum per brukar vert etter dette kr 59.400

Ut frå dette får me eit årleg behov for 159,3 mill kr. Etter fråtrekk av fylkeskommunal kvote står ein att med 151,1 mill kr. Ved å leggja til grunn at utnyttinga vert 70% av tildelt kvote vil det vert trong for ei løyving på 53,0 mill kr. per halvår for å sikra 100 turar. Ut frå at det er 22,5 mill kr til rådvelde ser me at dette ikkje er realistisk. Me søker difor om å få tildelt 22,5 mill kr. Brukarane i Hordaland kan med det få om lag 30 ekstra turar 2. halvår 2018. Alternativt kan løyvinga tildelast ei avgrensa gruppe brukarar som får kvote som vil dekkja 200 turar.

I løpet av forsøksperioden legg vi opp til å ha dialog med brukarorganisasjonane RMNF, FFO,SAFO, fylkeseldrerådet og Norges Blindforbund Hordaland.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.